**NORDMANNEN** (tekst: Ivar Aasen)

Millom bakkar og berg ut med havet
heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus uppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og bygja oss grender,
og so eiga me rudningen trygt».

Han såg ut på det bårute havet;
der var ruskut å leggja ut på;
men der leikade fisk ned i kavet,
og den leiken den ville han sjå.

Fram på vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare land!
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.

Og når liene grønka som hagar,
når det laver av blomar på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kann han ingenstad venare sjå.

Sud om havet han stundom laut skrida,
der var rikdom på benkjer og bord.
Men umkring såg han trældomen kvida,
og so vende han atter mot nord.

Lat no andre om storleiken kivast
lat deim bragla med rikdom og høgd
Millom kaksar eg lite kann trivast
Millom jamningar helst er eg nøgd

Lat deim hava den æra dei kunna
og sin rikdom og styrkje dertil
når då berre dei meg villa unna
og få rå om min arv som eg vil.